

ER MJØLKESALET i Lavik uhygienisk?

Støv og lauv driv om øyro på dei som mæler opp mjøkelitrane, påstår mjølkekjøpar som ikkje er nøgd.

Ein misnøgd mjølkekjøpar i Lavik har vendt seg til S/SA med spørsmål om det ikkje gjeld faste reglar for mjølkeutsal? Kan salet foregå i friluft frå ei trapp, slik at støv og lauv driv om øyro på dei som mæler opp mjøkelitrane, vil vedkomande vita, og syner til at slik skal det etter seiande gå føre seg ved eit nærare nemnt mjølkeutsal i bygda.

I fleire år har det no vore mjølkeutsal frå denne staden, og distriktslækjaren skal ha vore varsla om tilhøva, utan at dei har endra seg noko. Distriktslækjaren er formann i

helserådet. No vil vedkomande mjølkekjøpar at S/SA skal spørja fylkeslækjar Blaauw og meieristyraren i Høyanger om slikt sal frå ei ope trapp i

2. september kjem dette nye frimerket i handelen. Det er motiv frå Universitetet i Oslo, og kjem i høve 150-års jubileet til Universitetet. Verdiane vert 45 øre og 1,50 kroner. Fargar raudt og blått. Fyrstedagsstempel må tingast av postverket og betalt innan seinast 21. august.

friluft, med støvet fykande ikring er forsvarleg etter helseforskriftene, og i samsvar med reglane for mjølkeutsal. Spørsmåla vert med dette retta vidare til dei nemnde innstansar.

Er mjølkeutsalet i Lavik uhygienisk?

Dersom missnøgd mjølkekjøpar i Lavik er viljug å innreida og driva eit mjølkeutsal som stettar alle krav for å omsetja omlag 40 liter dagleg, bør han venda seg til meieristyraren i Høyanger.

Mjølkesalet i Lavik stettar ikkje dei strenge krav i føresegnene for mjølkeutsal. Men det er i godt selskap i so måte. Både i vårt fylke og i landet elles finns mange utsal som ikkje stettar føresegnene. Skil folk på slike stader i det heile få kjøpa mjølk må kravi redusert, og dette er nok dei ymse helseråd kjende med. Kvar ein vanlegvis finn den mest uhygieniske luft — anten i friluft på ei trapp eller i eit lite butikkløkal med mange mennesker — kan vel ikkje vera vanskeleg å avgjerda. Utmåling av mjølk i Lavik tek vanleg ikkje mange

minuttar. Er missnøgd mjølkekjøpar i Lavik viljug å innreida og driva eit mjølkeutsal som stettar alle krav for å omsetja omlag 40 liter mjølk dagleg, bør han venda seg til

Meieristyraren i Høyanger.

Frå Norges Sosialforbund

låg det på siste møte i Brekke kommunestyre føre skriv med innbjuding til å skipa eit fylkeslag for Sogn og Fjordane på Leikanger 22/9 1961, og at kommunen sender utsendingar. Desse vart valde: Hallvard K. Oppedal, Johs. M. Takle og Ivar J. Takle.

Mjølkerim frå Lavik

Eit lokalblad hadde for kort tid sidan ei stort oppslegen melding om at mjølkesalet i Lavik var uhygienisk, noko som har inspirert ein lokal rimsmed til fylgjande:

I Sognebladet
kultur-organet

der står til glanet for kvar som helst.

På første sida
og under tida
der finn ei ngjerne slikt skrivi.
Som no med mjølka
i blanke hølka
frå sanitæren sitt meieri.

Nei, slike karar
med slikt vil fara
må vere trava i all si tid.
Og attpå klagjen
dei få i magjen
som går til bakjen ja, så det svi.
Då først dei lære
la henne vere
som står og mæle til kvar ei tid.
Hi-hi.

Hafslo skulestyre
har vedteke at folkeskulen skal ta til att etter sumarferien den 21. august. Framhaldsskulen skal byrja 4. septemeber. Juleferien er fastlagd til 23. desember—2. januar, og påskeferien vert på 5 dagar.